

## Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2021

### Avrøysting

*Det var 62 representantar til stades*

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning i Vestland fylkeskommune ber fylkestinget fylkesdirektøren syta for å:

1. Utarbeide ei rutine for jamleg evaluering av tilskotsordningane med omsyn til om dei bidreg til dei føremåla fylkeskommunen har definert. Kva ordningar som blir evaluert bør vere basert på ei risikovurdering.
2. Sikre at vurderingskriterium for tilskotsordningar er tydelege med omsyn til målgruppe for ordningane, kriterium for tildeling og kriterium for korleis støttebeløp blir fastsett.
3. Utarbeide felles rettleiing, rutinar og sjekklister til bruk i tilskotsforvaltning, som blir brukt på tvers av avdelingane i fylkeskommunen, og som bidrar til å sikre at tildeling av tilskot er i samsvar med reglane i forvaltningslova og god forvaltingsskikk.
4. Sikre at tildeling av tilskot blir gjort i samsvar med forvaltningslov og god forvaltingsskikk, under dette mellom anna
  - a. Dersom fylkeskommunen skal halde fram med å tildele driftstilskot til kunst, kultur og idrett som del av budsjettprosessen til fylkestinget og ikkje etter reglane om enkeltvedtak, bør det gjerast ei juridisk vurdering av dette.
  - b. Vurdere korleis ein skal sikre at krav i forvaltningslova og prinsippa om god forvaltingsskikk blir følgt ved tildeling av midlar til søknadar som er komne inn utanom opne søknadsrunder
5. Utarbeide system for å sikre at avdelingar på tvers kan ha oversikt over kva tilskotsmottakarar som har søkt og fått midlar frå ulike ordningar, samt utarbeide rutinar for samhandling og koordinering på tvers av avdelingar
6. Utarbeide felles rettleiing og legge til rette for erfaringsdeling på tvers av avdelingar knytt til vurderingar opp mot statsstøtteregelverket
7. Utarbeide felles rettleiing og rutinar for habilitetsvurderingar som inneholder omtale av
  - a. at habilitet skal vurderast for kvar enkelt søknad og at vurderinga skal dokumenterast sjølv om det ikkje blir identifisert inhabilitet
  - b. kva forhold/relasjonar som kan medføre inhabilitet
  - c. korleis søknadar skal handsamast ved identifisert inhabilitet, inkludert problemstillingar knytt til konkurranseaspektet ved vurderingar av andre søknadar ved identifisert inhabilitet knytt til ein av søknadane
8. Sikre at manglante rapportering frå tilskotsmottakarar blir følgt opp
9. Gjennomføre risikovurderingar knytt til behov for nærmare oppfølging av tilskotsmottakarar
10. Gjennomføre stikkprøver eller andre kontrolltiltak for å sikre at skriftlege rutinar blir etterlevd i praksis
11. Fylkestinget ber også om at fylkesdirektør lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.